

## Prosedyre rundt oppstart for flyktningbarn i barnehage

«Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn»

Tiltak/behov	Ansvar
Barn frå flyktningfamilie får tildelt plass i barnehagen etter søknadsprosess er gjennomført.	Barnehagemynde tar kontakt med styrar i den aktuelle barnehagen. Og hjelper med søknadsprosessen.
Foreldre fyller ut samtykkeskjema for samarbeid mellom tenestene	Programrådgjevar i Flyktningetenesta fyller ut sammen med foreldre og tolk.
Avtale første møte med barn og foreldre i barnehagen	Programrådgjevar tar kontakt med den aktuelle barnehage.
Barn og foreldre kjem til barnehagen på besøk, sammen med programrådgjevar <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå barnehagen og bli litt kjent med 1-2 vaksne</li> <li>• Barnet leikar, blir litt kjent ute/inne (tilpasse alder)</li> <li>• Avtale neste oppmøte i barnehagen</li> <li>•</li> </ul>	Pedagogisk leiar Styrar Programrådgjevar  <u>Tolk:</u> • Flyktningetenesta bestiller og dekkjer utgifter til tolk
Barn og foreldre kjem til barnehagen <ul style="list-style-type: none"> <li>• Startsamtale med foreldre med tolk (programrådgjevar kan delta ved behov)</li> <li>• Barn og foreldre er ei stund i barnehagen</li> <li>• Førebu foreldre på at barnet kan prøve seg åleine ei kort stund når dei ser at det er mogleg (tilpasse alder)</li> </ul>	Pedagogisk leiar Styrar <u>Tolk :</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagen bestiller og dekkjer utgifter til tolk</li> <li>• <a href="#">Hero tolk</a></li> <li>• <a href="#">Tolkeloven</a></li> <li>• Bjørnafjorden kommune har ei refusjonsordning der barnehagane søker om refusjon for bruk av hjelp og støtte i oppstarten. (Ikkje tolkeutgifter) - Inntil 27 000,-</li> </ul>
Andre samtaler med foreldre den første tida i barnehagen.	<u>Tolk:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagen bestiller og dekkjer tolk</li> <li>• <a href="#">Tolkeloven</a></li> </ul>
Barnehagen treng kompetanseheving og støtte undervegs	Barnehagen tar kontakt med: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontaktperson i barnehageteam</li> </ul>
Betaling av barnehageplass	Faktura sendes til: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fakturaadresse: EHF 844 458 312</li> <li>• Merkast med ressursnummer: 261mrhj</li> <li>• Merkast med barnets namn, eller fødselsdato.</li> </ul>

## **Mål**

*Ein god oppstart i barnehagen både for barn og foreldre som kan skape tryggleik, tillit og legge grunnlaget for samarbeidet vidare*

- Ei god rutine i samarbeidet mellom Flyktingtenesta og barnehagen er viktig for tryggleik og trivsel for barnet
- Desse foreldra har ofte vanskar med å skaffe seg oversikt og forståing rundt barnehageoppstart gjennom skriftleg informasjon
- Språkbarrierar og stor kulturforskjell kan gjere det utfordrande både for familien og for barnehagen å bli kjent
- Å få til eit tett tverrfagleg samarbeid i oppstarten vil være ein stor gevinst for barnet og foreldra
- Å bruke tolk er heilt nødvendig i denne fasen, særlig i startsamtalet der ein kan utveksle kunnskap og avklare forventningar til det beste for barnet

[Digitale ressursar for barnehage og skule i Bjørnafjorden kommune](#)

[Møte med flyktingar i barnehage og skule](#)

[Nafo – nasjonalt senter for flerkulturell opplæring](#)

[UDIR- Flyktinger](#)

[Krig - Kva seier vi til barna?](#)

[Traumeguiden](#)

[Kva er viktig å vite for barnehager om flyktingar?](#)